

Lyrikkåret 2011:

## MØTE MED MENNESKE

av Hadle Oftedal Andersen

Eg ser ut over det norske lyrikklandskapet. Bokstaveleg tala, altså: Fjorårets diktsamlingar ligg spreidde ut framføre meg på skrivebordet. Og det som slår meg når eg ser dei slik, er at det har hendt noko radikalt med dette landskapet dei siste åra. For ti år sidan eller så var det temmeleg uniformt: Bøkene inneheldt 40 dikt, korkje meir eller mindre. Og desse dikta var relativt korte undersøkingar innanfor eit veletablert system av filosofiske og teiknteoretiske poeng. Små, modernistiske smykker. Og mykje av det var godt, det er ikkje det. Men det finst ein heilt annan dynamikk i dag, ein større vilje til å gjera det heilt uventa. Ikkje minst finst det ein vilje til å skriva om folk, i bøker som gjer synleg hendingar som på ulike måtar er uvanlege. Ein kan, med eit munnhell som desverre ikkje er mitt, seia at ein i dag finn ein litteratur som når det universelle gjennom å skriva om der spesifikke, det personlege. For folk er ikkje folk flest, veit du. Folk er ulike kvarandre. Og gjennom å undersøka dette unike kan ein òg få sagt noko om kva det vil seia å vera i verda.

## HESTEN SYNG

Sjå bare på Øyvind Rimbereids nye samling. Her møter me ein hest, *Jimmen*, og eigaren hans. Det er 1975 eller 1976, og dei hentar matavfall frå private hushald som dei leverer hos ein grisebonde. Hestekaren fører ordet på kav stavangersk i halvparten av sekvensane i dette langdiktet. Medan hesten faktisk fører ordet i resten. Og dét er litt av eit språk må du tru! Arkaisert vestnorsk, med inverterte ordstillingar og ein del drag som peikar langt bakover i tid.

Tidfestinga midt på 70-talet er ikkje tilfeldig. Me møter mellom anna Jimmen og herren hans medan dei ser ei condeeppattform med gigantiske betongbein bli slept ut mot Nordsjøen. Og slik blir desse levande anakronismane – hesten og hestekaren – ståande og sjå det kommande, sjå framtida passera seg. Med den sjølvsgagne poetiske spenninga som ligg i at hesten som drar vogna kan assosierast til slepebåtane som drar plattformen. Og olja under havbotnen er, på same måte som det dei køyrer, skilnadslaus, biologisk masse som kjem til ny nytte. Både hest og mann observerer og reflekterer over det dei gjer, og dessutan over dei store spørsmåla i tilværet. Eg er ikkje heilt sikker: anten så drøymer hesten at han er i eit anna tilvære, eller så er han clairvoyant. Det spelar for så vidt ikkje så stor rolle heller. Poenget er at hesten har eit spirituelt liv, der det ikkje er noko klart skott mellom det eine og det andre, og at me som ikkje høyrer til Märtha Louise-segmentet for første gong får skoda inn i dette livet.

Eg veit om folk som kvitte seg for å lesa *Solaris korrigert* fordi dei syntest heile prosjektet høyrdest ut som om det var fullstendig over haugen. Og at dei kom på heilt andre tankar då dei endeleg fekk krekt seg til å lesa henne. Slik er det nok med *Jimmen* òg. Ei fantastisk bok, som heilt fortent er nominert til Nordisk råds litteraturpris.

Når det gjeld diktsamlingar på dialekt, så er dette noko som står merkeleg sterkt her til lands. Av årets bøker skal i alle fall Erlend O. Nødtvedt, Rebecca Kielland og Ove Røsbak nemnast.

## KJÆRLEIKEN SOM PROSESS

Ingrid Storholmens *Til kjærlighetens pris* har to parallelle tekstløp. På kvar side står det dikt, og så står det utskrift frå ein samtale mellom forfattaren og ein annan person om ei reise dei har gjort til Orfeushola i grensetraktene mellom Hellas og Bulgaria. Det er altså slik at ein kan gå ned same vegen som ein meiner Orfeus gjekk for å henta opp Eurydike, og at elva ein kjem til der nede faktisk er dødselva Styx. Dikta står dels i dialog med dette stoffet, men går òg ein noko annan veg i det at dei til saman etablerer ei modernistisk diktsamling om eit kjærleiksforhold.

Slik får ein ei bok som legg eit stort felt ope: Den klassiske kjærleiksmyten ligg der som ein føresetnad. Så har ein dialogen om opplevinga i hola. Og oppå det igjen ei modernistisk, monologisk diktsamling retta til eit "du", som handlar om både fysisk og mental kjærleik og om sagn. Poenget er at ein som lesar blir presentert for dette opne feltet, at ein sjølv blir involvert i å etablere samhengane mellom dei ulike tekstelementa. Og at ein blir presentert for ein prosess, der ei reise har ført til ein samtale som har blitt transkribert og så nytta som utgangspunkt for å skriva ei diktsamling.

Dette kan ein kalla avantgarde, ein kan kalla det konseptuell kunst, ein kan kalla det skrivbar tekst, interaksjonslyrikk og sikkert mykje anna òg. Men saka er uansett at dette er noko ein ikkje enkelt kan lesa på den måten ein elles les dikt. Boka lukkar seg ikkje ikring seg sjølv som eit sjølvtilstrekkeleg og avslutta verk, men blir i staden ståande uavslutta og open.

Og kanskje, kanskje òg meldar det seg ein tanke om at det spesifikt kvinnelege er meir eksakt uttrykt i ein slik open og mottakande litteratur. Utan omgrep, utan finalitet. Som ei grotte med skyggar ikring den ein elskar.

Elles er det klart at den meir prosessorienterte lyrikken trivst minst like godt utanfor den tradisjonelle diktsamlinga. Så her er det bare å halda augene opne, for performance, internettpoesi, lyrikkvideoar og slike små bøker – chap-books – frå små og meir uavhengige forlag som ein finn i ei lita bunke hos alle velassorterte bokhandlarar.

## PERFEKT SLAGG

For ti års tid sidan hadde Rune Christiansen nådd eit absolutt høgdepunkt, med tre ekstremt avklarte og velbalanserte prosalyrikkksamlingar. Før han plutselig erklærte seg ferdig med lyrikken, og fokuserte på å skriva romanar. Men heilt ferdig var han nå ikkje likevel. For når han nå er her igjen, med ei bok som heiter *Jeg har tenkt meg til de elysiske sletter*, så har den undertittelen *Dikt 2002-2011*.

Dette er ei bok som inneheld mange ulike teksttypar. Her er balansert prosalyrikk og flotte dikt. Men her er òg meir opne tekstar, som stiller element som til synes ikkje høyrer heilt saman inntil kvarandre. Og her er ein serie på drygt 40 aforismeaktige og i hovudsak ultrakorte "Meditasjonar"

omkring flora, fantomer, og ting som flyter i det stille". Der ein finn gullkorn som dette: "XLIII. Ingenting er usynlig, du velger glemsel fremfor skjebne, men skyggen lengter alltid hjem."

Eg har høyrte Christiansen seia at ein heil del av det som står i denne boka, er ting som har komme til i samband med romanskrivinga, men som ikkje har funne plass der. Og eg likar å tenka på denne boka slik, som overskot, som bitar som ikkje passa inn, men som likevel låg der og skein med ei eller anna slags kraft som gjer at ein har kunna løfta dei opp og seia sjå, her er det noko eg vil ta med meg vidare.

Når dette er mogleg, så er det fordi Christiansen har ein heilt eksepsjonell språkleg gehør. Sjølv om tekstane tidvis er avklipte, korte, abrupte, så er det heile tida ein språkleg presisjon og ein rytmiikk som gjer at ein opplever dei som flotte og definitivt lyriske stykke.

I samband med dette comebacket er det òg på sin plass å nemna at våre to poetiske statsmenn, Jan Erik Vold og Einar Økland er ute med nye samlingar i år. Bøkene er nok ikkje det aller beste dei har skrive: på andre sida er jo det òg ein eigen standard, som ingen kan leva opp til kvar gong gjennom femti år. Og her er, som alltid, ein del verkeleg gode einskilddikt.

## TO FLOTTE DEBUTANTAR

Så langt har me sett på dei diktsamlingane som alle er eller burde vera samde om. Rimbereid, Storholmen, Christiansen. Lista over fjorårets beste diktsamlingar kan gjerast lenger, men ikkje kortare.

Og i eit år rikt på debutantar vel eg meg òg to som har gjort spesielt inntrykk på meg. Den eine er Lina Undrum Mariussen, som i *Finne deg der inne og hente deg ut* skriv med utgangspunkt i eit eg som bur i ein familie der veslesøstera som er i tenåra blir heilt slapp, mister all kraft og ligg i mørkret inne på rommet sitt. Kanskje har ho ME, kanskje er ho svært deprimert, me får ikkje vita. Men boka skildrar på gripande vis korleis heile familielivet, heile huset, blir krinsande om dette tause som finst der og som ingen klarer å trenga igjennom til. Og ikkje minst møter me henne som fører ordet, storesøstera, og hennar opplevingar: At ho forsøker å vera eit bindeledd mellom søstera og omverda, og at ho òg går rundt og kjenner ansvar for ikkje å vera høglydt, for ikkje å vera glad når ho er inne. Ei sterkt gripande bok, der tekstane på mange måtar hentar styrke frå kvarandre, frå den heilskapen dei går inn i. Men her er òg svært gode einskildtekstar.

Dette med sjukdom, og det å vera utsett i det heile, er elles eit tema ein finn hos mange unge poetar, og då særleg kvinnelege poetar, i dag. Av årets debutantar passar òg Kristina Leganger Iversen inn i dette mønsteret. Hos henne møter me ei gripande skildring av eit parforhold der ho lever vidare etter at han har blitt skamfert i ei trafikkulykke. Og dessutan, sjølv om han rett nok er mann, den siste av debutantane eg vil løfta fram:

Olav Gisle Øvrebøs *Barn som leikar* er noko så spesielt som ei dokumentarisk diktsamling. Boka finn sitt materiale e i ei kjend kriminalsak frå England: Det handlar om dei to ti år gamle gutane som i 1993 stakk av med toåringen James Bulger og seigpinte han til døds. Boka er til det ytste velskriven, med ei rørsle som går frå dei to tiåringane sin bakgrunn via sjølve hendingane drapsdagen og fram til

det som hender etterpå. Det er mørkt, det er provoserande. Dette er ikkje ei bok du gløymer med det første.

#### MENNESKELEGE DOKUMENT

Ein mann og ein hest som tømmer sydreholkar i Stavanger på 70-talet. Eit par som reiser til ei hole i Bulgaria. Ei jente som opplever at søstera blir sjuk. To små barn som blir drapsmenn. Dette er ein ny måte å tenka lyrikk på. For i eit par hundre år har dette vore sjangeren for det personlege, og for det filosofiske. Men nå interesserer ein seg, som i dei bøkene me her har sett nærmare på, òg for mennesket som står i unike sosiale situasjonar. Og det merkelege er altså, slik eg ser det, at det nett er gjennom det unike ved det som blir skildra at ein kjem tettare på det ekte, det levde livet. Eg kvir meg litt for å bruka ordet, men eg må: Derfor blir desse bøkene *rørande*, på ein måte lyrikken vel aldri har vore før.